



# NYE VOLDA KOMMUNE

Gruppemedlemene  
Joakim Rødven

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/96	6402/2019	033	KUN/ ASTGJE	25.04.2019

## **REFERAT FRÅ MØTE I TEMAGRUPPE KULTURBYGGING, 24. 4 I SMIA**

Heile gruppa var til stades

### **1. Ungdomsarrangement**

Følgjande er no klart: Arrangementet vert på Rokken 7. juni, med artisten Philip Emilio. Odd Harald og Sigurd følgjer opp Rokken vedrørende promotering. Det vert sett opp buss tur/retur Hornindal-Volda + Dalsfjord-Volda. Budsjett: 68 000 og gratis inngong.

### **2. Vennebenkane**

Benkane er no ferdige, og det vart bestemt følgjande opplegg for markering:

- Fredag 10 mai kl. 16.30 i Hornindal, der Hornindal skule vert utfordra til å steike sveler. For dette vert dei lovde kr 3 000,- Ansvar: Anett
- Laurdag 11. mai i Volda sentrum kl. 13.00. Astrid tek ansvar for å utfordre ei skuleklasse tilsvarande, Folkestad skule?
- Odd Harald kontaktar med ordførarane med invitasjon
- Astrid gir Joakim stikkord for omtale som vi ynskjer sendt til lokalavisane + nrk Møre og Romsdal og nrk Sogn og Fjordane
- Astrid kontaktar designaren frå Volda
- Kristine kontaktar snikkaren frå Hornindal
- Sigurd lagar fb-event

### **3. Søknadar om kulturbyggjingsmidlar**

Det er ikkje registrert innkome fleire søknadar, men to er varsla

### **4. Evaluering av kulturbyggingsseminaret**

Det er kome gode tilbakemeldingar som:

- Interessant og artig format
- Lærerikt
- Tiltak som ein ynskjer meir av, gjerne spissa på spesielle tema og interessegrupper, eller temakvelder

- Tema som vart kasta fram var
  - o Kunstlag
  - o Eldre
  - o Konkurransar
  - o Felles øl
  - o Felles song

Som ei følgje og vidareføring av vårt arbeid spelar vi inn (til fellesnemnda) at vi ynskjer

- ei breitt basert songskrivingskonkurranse av ein nye Volda-song til framføring av eit stort felles kor/korps på kommunesamanslåingsmarkeringa
- Kåring av beste nye-Volda-øl i samband med Konnølfestivalen

Med helsing

Astrid Gjersdal

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*